# ÅRSMELDING OG REKNESKAP
# 2022



*(Grønvatnet med Svartegge i bakgrunnen.)*

SKJÅK ALMENNING

**ÅRSMØTET BLIR HALDE PÅ SKJÅK TURISTHEIM**
**TYSDAG 25. APRIL 2023 kl. 11.00**

**<u>Sakliste:</u>**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og sekretær
3. Val av 2 av dei frammøtte bruksberettiga til å skrive under protokollen
4. Årsmelding og rekneskap for 2022
5. Orientering frå styret og styret sine planar for det komande året
6. Fastsetjing av godtgjersle i 2023 for styremøte og andre møter, og fast godtgjersle til styreleiaren
7. Oppnemning av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjonsarbeid
8. Val av 2 av 3 medlemmar til Revisjons- og kontrollutval 2023-2025
9. Handsaming av evt. innkomne saker (må leverast skriftleg på almenningskontoret seinast 1 veke før årsmøtet)

**Styret for Skjåk Almenning**

**********

*Skjåk Almenning - til det beste for jordbruket og til glede for alle*

# ÅRSMELDING 2022

## 1. EIGARSKAP OG ORGANISERING




**Almenningsstyret**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kjell Egil Ramstad (styreleiar) | 2020-2024 | Arnstein Fjerdingren | 2022-2026 |
| Mona H. Grimstad (nestleiar) | 2020-2024 | Vidar Vange | 2022-2026 |
| Kjell Aaboen | 2020-2024 | Ragnhild Løkken | 2022-2026 |
| Bjørnar K. Stenersen | 2020-2024 | | |

**Vara for styret**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Pål Eiesar | 2020-2024 | Malene Dagsgard | 2022-2026 |
| Susanne R. Brenna | 2020-2024 | Marius Andreassen | 2022-2026 |
| Ola Steinbakke | 2020-2024 | Bernt Joachim Dahl | 2022-2026 |
| Else Mona S. Bøye | 2020-2024 | | |

**Valkomite**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hans Sæther | 2022-2024 | Rune Plassen (vara) | 2022-2024 |
| Liv Oddrun Maurstad | 2022-2024 | Tore Gjeilo (vara) | 2022-2024 |
| Siv Andersbakken | 2022-2024 | | |
| Anita Tråstad | 2022-2024 | | |

Styremedlemmar og varamedlemmar er valde for 4 år om gongen. Funksjonstida for styreleiar og nestleiar er 2 år.

**Møter og revisjon**

Det er halde 8 ordinære styremøte i 2022, der det til saman vart handsama 58 saker. Det har i tillegg vore fleire arbeidsmøte. Revisor er Ernst & Young AS, medan revisjons- og kontrollutvalet består av: Egil Mork (2021-2023), Lars Petter Forberg (2021-2023) og Gudbrand Hyrve (2022-2024).

**Representasjon**

| | |
|---|---|
| Skjåk Trelast AS | Kjell Egil Ramstad (styreleiar) |
| Bygger'n Skjåk AS | Kjell Egil Ramstad (styreleiar) |
| Breheimen Nasjonalparkstyre | Jo Trygve Lyngved |
| Reinheimen - Breheimen Villreinutval | Jo Trygve Lyngved (styreleiar) fram til årsmøtet i april. Birgit Bilstad f.o.m. årsmøte i april og Kjell Egil Ramstad |
| Bruksrettsutval Skjåk Almenning | Kjell Egil Ramstad, Vidar Vange og Ragnhild Løkken |
| Rådgjevande utval Reinheimen Nasjonalpark | Jo Trygve Lyngved |
| Rådgjevande utval Breheimen Nasjonalpark | Jo Trygve Lyngved |
| Skjåk Turløyper SA | Kristen Dagsgard |
| AS Vågåfisk | Kristen Dagsgard |
| Vedlikehaldsforeininga for Tundradalsvegen | Kjell Olstad (styreleiar) |
| Skjåk Biovarme AS | Jo Trygve Lyngved (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad |
| Gudbrandsdal Massivtre AS | Jo Trygve Lyngved |
| Måråe Kraftverk AS | Kjell Egil Ramstad (nestleiar) og Jo Trygve Lyngved |
| Sameiget Sotvegen | Birgit Bilstad (styreleiar) |

Skjåk Almenning har sekretærfunksjonen for Norsk Almenningsforbund.



*Sylfest B. Forberg vart takka av med Norges Vel medalje etter 39 (!) års trufast teneste for Skjåk Almennina.*

**Tilsette**

| | |
|---|---|
| Almenningsstyrar | Jo Trygve Lyngved |
| Utmarksrettleiar | Birgit Bilstad |
| Utmarksrettleiar | Kristen Dagsgard |
| Utmarksretteliar | Kjell Olstad |
| Kontormedarbeidar | Kari Elin Sperstad |
| Økonomileiar | Astrid Bjørnstad |
| Sekretær Norsk Almenningsforbund | Sæbjørn Forberg |
| Skogsarbeidar – t.o.m. 1. juli 2022 | Sylfest B. Forberg |

**Årsmøtet 2022**

Årsmøte med val vart halde på Skjåk Turistheim 21. april 2022. Det deltok 30 bruksberettiga inkludert styret.

## 2. BRUKSRETT

Retningsliner for bruksrett med rabatt- og tilskotssatsar vart revidert i januar 2022 utan store endringar. I februar invaderte Russland Ukraina, noko som medførte ytterlegare uro i verdsmarknaden og prisar på viktige innsatsfaktorar i jordbruket som t.d. kunstgjødsel steig kraftig. Med dette som bakgrunn, i tillegg til eit ynskje om å bidra i enda større grad til landbruket, ville styret vurdere satsane på nytt, samt sjå på andre ordningar. Ulike moment har vorte drøfta gjennom året, og det har også vore møte mellom Skjåk Almenning og eigarlaget for å sjå på korleis auka ytingar evt. kan påverke eksisterande avtale mellom partane. Dette spørsmålet vart vidare stilt Landbruks- og matdepartementet, der attendemelding var at underskot og evt. utbetaling av kontantutbyte kunne dekkast av eigenkapitalen. Retningslinene for bruksrett vart igjen handsama av styret i desember, og rabattsatsen på flis til dyrestrø vart auka ytterlegare, samt at det vart innført eit eingongstilskott på kr 100 000,- til dei som investerer meir enn 3 MNOK i driftsbygning.

Bruksrettsgjennomgangen fortsette i 2022 med brev og synfaringar. Nokre bruk står i fare for å misse bruksretten sin, og målet er å avslutte gjennomgangen med endeleg styrevedtak i 2023. Det vart elles utført kontroll på uttak av bruksrettsytingar på 3 tilfeldig utvalde bruk også i 2022, ingen avvik vart funne.

I 2022 vart det 137 stk. (136) gardsbruk som søkte produksjonstillegg i Skjåk. Gjennom året vart det slept 4.913 (4.245) sau og lam, 861 (873) storfe og 585 (634) geit på utmarksbeite i Skjåk Almenning.



Tapet av sau til rovdyr var rekordhøgt, der forskjellen mellom besetningane var stor. Tapet utgjorde 588 (344) for sau, 1 (0) for storfe og 0 (0) for geit. Denne situasjonen og utviklinga er ikkje haldbar, og noko må gjerast for å halde tapstalet og rovdyrbestanden på eit akseptabelt nivå. Samla ytingar til bruks- og eigedomsberettiga frå Skjåk Almenning kom i 2022 på 2.7 MNOK. I tillegg kjem verdien av utmarksbeite som er stipulert til mellom 3,5 MNOK og 4 MNOK.

Landbrukskontoret driv framleis prosjektet "Laus ku og framtidstru", men prosjektet går nå mot førebels avslutning. Kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Lesja og Dovre har i 2022 etablert prosjektet «Berekraftig sameksistens med sau og jerv i utmarka». Dette er eit interkommunalt samarbeid, med prosjektleiar frå landbrukskontoret i Lom og Skjåk. Prosjektet er bygd på den vedtekne tosidige målsettinga med 4 årlege ynglingar i region 3 samt full utnytting av utmarksressursane i heile fylket.

## 3. SKOGEN

Skjåk Almenning er medlem av Glommen Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og skogforvaltningen på eigedomen skjer i tråd med FSC Prinsipper og Kriterier. Glommen Mjøsen Skog er sertifisert gjennom Soil Association Certification Ltd. I tillegg er Skjåk Almenning medlem av Glommen Mjøsen Skogs PEFC sertifikat, og følgjer Norsk PEFC Skogstandard.

Almenninga har eigen skogbruksplan og forvaltningsplan. Planane inkluderer kartlegging og omtale av miljø- og kulturminne og fleirbruksomsyn, og blir revidert regelmessig. Siste skogtakst frå 2015 viser eit produktivt skogsareal på 82.051 daa, der 1.718 daa utgjer nøkkelbiotopar. I tillegg er om lag 54.000 daa skogsareal verna gjennom naturvernlova og naturmangfaldlova. Sistnemnte er Reinheimen- og Breheimen Nasjonalparkar med tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat. Årleg tilvekst på det produktive arealet i hogstklasse 3, 4 og 5 er 15.100 m$^3$, medan årleg balansekvantum ligg på om lag 11.000 m$^3$. Hogstkvantumet er fordelt mellom kabelkranterreng og hogstmaskinterreng. Furu blir forynga ved planting eller naturleg forynging. Suppleringsplanting skjer der det er nødvendig og tilstanden til skogen blir vurdert som stabil og tilfredsstillande.
Ved gjennomføring av skogbrukstiltak blir det gjort før- og ettervurderingar. I dette ligg gjennomgang av aktuelle databaser for miljø og kulturminne. Biologisk rådgjevar er brukt der det er aktuelt med avklaring av enkelte artsfunn og naturtype-områder. Det er ikkje avdekt skader eller andre utilsikta forstyrringar på verneområde eller nøkkelbiotopar. Almenninga har heller ikkje kjennskap til uhell eller avvik knytt til andre kjente miljøverdiar siste år. Almenninga har aktivitet knytt opp mot fritidsaktivitetar og friluftsliv, og har gjennom representasjon og møter dialog med aktuelle brukargrupper. Skogsbilvegane er i hovudsak opne gjennom den snøfrie delen av året. Skjåk Almenning hadde eksternrevisjon av sin FSC-sertifikasjon også i 2022, på lik linje som 2021, 2019 og 2018. Det vart ikkje funne noko avvik.

**Hogst**

Innmålt kvantum i 2022 var 8.447 m$^3$, der bjørk utgjer 55 m$^3$, og furu resten. Av volumet var 61 %

sagtømmer, medan resten var slip og anna vyrkje. Av totalvolumet kjem 1.120 $m^3$ av tynningshogst. Snittprisen på skurtømmer og slip gjennom året var høvesvis 608 kr/$m^3$ (510) og 319 kr/$m^3$ (256). Sagtømmeret gjekk til Skjåk Trelast AS (94 %) og Moelven (6%), medan slipkvantumet gjekk til Skjåk Trelast (71 %) og Stora Enso (29 %). Vekstsesongen har vore over middels i alle høgdelag, men ekstra god vekst i dei øvre høgdelaga. All omsetning av vyrkje går gjennom Glommen Mjøsen SA, og det er også dei som står for hogst og framkøyring gjennom innleigde entreprenørar.




*(Innmålt hogstkvantum 2012-2022, fordelt på slip og skurtømmer. Det høge volumet i 2012 er etter stormen Dagmar.)*

## Skogkultur



*Bestandsgåande tynningsmaskin vart brukt i fleire bestand i 2022.*

Planting er utført på 797 daa (nyplanting), med 749 daa furu og 48 daa gran. For furu er det planta 18.900 planter av A6, 63.808 A7 og 1.512 A8, Skjåkproveniens. For gran er det planta 2.500 planter i høgdelag 6. Det er i tillegg vore gjort suppleringsplanting med 16.200 planter fordelt på 233 daa. Kostnaden, inklusiv supplering, er 6,1 kr/plante (6,4). Det er utført ungskogpleie på 720 daa (120), med ein kostnad på 467 kr/daa (438). Det er gjennomført førehandsrydding på 73 daa. Det er ikkje utført markberedning eller gjødsling, og det er ikkje gjort bruk av kjemiske- eller biologiske midlar.Kostnadene over er før eventuelle tilskot. Kulturarbeidet blir i hovudsak gjort av Glommen-Mjøsen SA.

## Veganlegg og naturskade

Sluttstilling av Gjerdevegen er gjort i 2022. Dette er ein ny skogsbilveg i klasse 3 i Jøingslie på om lag 320 m. Det er ikkje registrert store naturskadar på skog/skogsvegar av noko slag.

## 4. UTMARK

### Storvilt

Hausten 2022 var det andre året i den 3-årige bestandsplanen for elg, hjort og rådyr i heile Skjåk. Fokuset har også i 2022 vore å redusere stamma av elg og hjort slik at den er tilpassa beitegrunnlaget, samt gjere forsøk på å dempe konfliktnivået mot skader på innmark. Beitesommaren 2022 var nok ganske god for storviltet samanlikna med dei 4 føregåande åra. Ein del nedbør og forholdsvis kaldt vær gav frodig beite i utmarka gjennom heile sommaren. Hausten var mild og snøfattig ut heile året – også høgt til fjells og langt vestover. Elgjakta vart forlenga ut november i Skjåk Almenning, som eit tiltak for å ta ut fleire elg i tråd med bestandsplan og målsetting.

### Elg

Bestandsplanen legg opp til eit årleg uttak av elg i Skjåk på 100 dyr, og totalt inntil 300 elg + 90 tiltaks/skrapdyr i perioden 2021-2023. Med dette reknar ein med å nå målsettinga om å ha eit årleg uttak av tilvekst på ca. 55-75 elg per år for heile Skjåk.
Utvikling i slaktevekter og produktivitet i elgstamma har vorte dårlegare for kvart år, men med nokre ljospunkt for slaktevektene i 2022. Generelt var det skote færre dyr som vart premiert med halv pris pga. liten slaktevekt, og fleire dyr som fekk tillegg i pris pga. høge slaktevekter samanlikna med 2021. Med eit slikt system håpar ein at fleire gode produksjonsdyr blir spara, og ein tek ut «dårlege dyr». Det er tildelt 1 fri okse på kvart av dei 9 jaktlaga i heile treårsperioden. 6 av 9 jaktlag har skote den frie oksen, derav 3 frie oksar i 2022.
Tiltak med redusert pris for elg skote på innmark er vidareført, men med nokre endringar for å prøve å gjere uttaket meir spesifikt mot enkelte dyr. Skjåk kommune iverksette også i år skadefelling på innmark før ordinær jaktstart, desse er ikkje med i vår statistikk, men utgjorde 2 stk. I 2022 vart det felt totalt 90 elg i Skjåk Almenning, derav 12 skrapdyr, og 4 «innmarkselg» / tiltaksdyr med redusert pris. Totalt vart det felt 111 elg i heile Skjåk, nokså likt som året før.




*(Felt elg i Skjåk 2012-2022, fordelt på Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd.)*

### Hjort

Det lagt opp til eit årleg uttak på inntil 360 hjort kvart år, totalt 1080 hjort i heile Skjåk i bestandsplanperioden. Dette er eit ynskje, meir enn eit realistisk mål – då hjorten på mange måtar er meir utfordrande å jakte på i terrenget, samt at den har sesongmessige vandringar over større avstandar som vi har lite konkret kunnskap om. Hausten 2022 vart hjorten «burte» nokså tidleg i Skjåk Almenning, og det var lite hjort å observere på innmarka i november/desember mot dei to føregåande åra. Ein mild og snøfattig haust med bra beite i utmarka, samt mindre vekst på innmark etter siste slåtten, kan kanskje forklare noko av nedgangen i felte hjort totalt i Skjåk. Det var gjengs for fleire nabokommunar i vest at hjorten der også nytta dyrka mark i mindre grad enn tidlegare år, og talet på felte dyr gjekk ned også der. Det er ingen stor endring i korkje produktivitet eller slaktevekter dei siste

åra. I 2022 vart det felt 46 hjort i Skjåk Almenning, og berre 1 hjort av tildelte enkeltkort i desember. Totalt vart det felt 175 hjort i Skjåk i 2022, ein nedgang på 54 hjort frå rekordåret 2021.




*(Felt hjort i Skjåk 2012-2022, fordelt på Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd.)*

| | Elg | Hjort | Villrein | Rådyr |
|---|---|---|---|---|
| Kvote | **88** (75) | 100 (100) | **474** (360) | **43** (50) |
| Felt | **90** (89) | **46** (64) | **308** (246) | **14** (14) |
| Fellingsprosent | **103** (119) | **46** (64) | **65** (68) | **33** (28) |
| Kg. kjøt | **9919 (**9144**)** | **2253** (3066) | **Ca. 10.500** (10.135) stipulert | **210** (210) stipulert |

*(Nøkkeltal frå storviltjakta i Skjåk Almenning 2022. Tal frå 2021 i parentes.)*

**Villrein**
Heile jakta var sterkt prega av stabilt, varmt og fint vær i villreinfjellet, og det var mange reinsjegerar som kunne fortelja om ei historisk fin jakt værmessig. Villreinen er derimot ikkje så glad i varmt vær, noko som gjorde utslag i reinens tilhald og oppførsel. Finværet heldt seg stort sett heile jakta, med unntak av nokre dagar heilt på tampen. I grove trekk prøvde reinen å finne svale plassar med skygge og/eller snø, og sto til tider høgt til fjells. Været gjorde også at dei sto tett i relativ store flokkar, og var såleis vanskelege å jakte på. I varmt vær er reinen også plaga av mykje insekt, noko som gjer flokkane urolege. Det varme været var heller ikkje særleg gunstig med tanke på slakting og handtering av slakt. Ved fleire tilfelle brukte jegerar jervenduk til å slakte inne i (!).

Årets kvote vart av årsmøtet for Reinheimen-Breheimen villreinutval sett til 1065 dyr, fordelt med 800 løyver i Reinheimen og 265 løyver i Breheimen. Jakta gjekk føre seg i perioda frå laurdag 20. august til og med onsdag 14. september, totalt 26 jaktdagar. For heile området vart det felt 634 dyr, og fellingsprosenten vart såleis 60 %. Fellingsprosenten varierte mellom vaksne dyr og kalv, der fellinga for vaksne dyr vart 70 % medan det for kalv vart 44 %

| Område | Kvote | Ant. felte dyr | Fellings% | Fellings % vaksen | Fellings% kalv |
|---|---|---|---|---|---|
| Reinheimen | 800 | 465 | 58 % | 69 % | 42 % |
| Breheimen | 265 | 169 | 64 % | 72 % | 51 % |
| **Totalt** | **1065** | **634** | **60 %** | **70 %** | **44 %** |

*(Fellingsoversikt 2022 for heile villreinområdet.)*

Skrantesjuke (CWD), ein smittsam og dødeleg sjukdom, vart påvist fyrste gong på ei villreinsimle i Nordfjella sone 1 seinvinteren 2016. Frå og med jakthausten 2018 har det vorte gjennomført innsamling frå alle villreinområde i Norge. Sidan den gong har det vore samla inn prøver frå 2087 felte vaksne dyr i vårt område, der talet innsendte prøver i 2022 var på 337 stk. Alle prøver har fram til no vore negative, altså ingen påvisning av CWD – heldigvis. Det var få eller ingen observasjonar av halte dyr (fotråte) i haust.




*(Totalkvote, felte dyr og fellingsprosent for villrein i Skjåk Almenning 2002-2022.Tala i overkant av søyla er kvote det enkelte år.)*

## Fiske

Fiskesesongen 2022 byrja litt trått, og vi måtte godt ut i juni før vi fekk særleg med varme og snøsmelting. Leirungsvatnet vart isfritt kring 10. juli, medan Torsvatnet vart isfritt omtrent 1.august (mot 10. juli i 2021). Sesongen var også prega av mykje varierande vêr utan lengre varmeperiodar.

Frå sesongen kom det inn rapportar om uttak på 480 fiskar i Leirungsvatnet, og 250 stk. i Torsvatnet. Fangstane frå Leirungsvatnet viser fisk av veldig god kvalitet, men utviklinga viser at andelen stadeigen fisk aukar (sjølvrekruttering). Frå 2015/2016 til 2022 har delen av stadeigen fisk auka frå om lag ¼ til nær halvparten, dvs. at det tyder på at vatnet i større grad rekrutterer sjølv. På Leirungsvatnet vart det ikkje sett fisk i 2022, og det blir lagt opp til eit prøvefiske der i 2023. I Torsvatnet har det ikkje vore sett fisk sidan 2018 og det vart knapt fiska her dette året. Frå Aursjoen kom det meldingar om mykje fisk i 26 mm garn, men veldig lite i 35 mm. I september/oktober vart det likevel teke nokre fine fangstar her. God magasinfylling dei siste to åra gjev håp om betre næringstilgang og ein oppsving i bestanden. Det er gledeleg at det kan sjå ut som om kondisjonen på fisken i Lundadalen og Tundradalen er på tur opp att etter flaumen og vanskelege forhold i 2018. Også i Grønvatnet er det fisk av svært god kvalitet, men bestanden er heilt avhengig av å bli kultivert. I 2022 utførte vi eit forenkla prøvefiske i Heggebottvatnet saman med 10.klasse ved Skjåk barne- og ungdomsskule. Resultatet viste til småfallen fisk i relativ dårleg kondisjon.

Fiskekortsalet gjekk ned i 2022, og tendensen var i fylgje Inatur gjeldande for mange område. Sein sesong og opning for utanlandsferie etter koronatida kan nok forklare noko av årsaka til dette.




*(Sal av fiskekort i Skjåk Almenning 2008 – 2022.)*

I alt vart det sett ut 1.950 fisk i 2022. 1.050 stk. to-årig fisk vart sett ut om vinteren medan 900 stk. to-somrige fiskar vart bore ut av Skjåk Almenning og friviljuge i 14 ulike vatn og tjern i løpet av august. Sidan 2021 har all settefisken vorte feittfinneklypt for å få betre oversikt over eigenrekruttering i ulike vatn. Før detet vart berre den vintersette klypt.

I 2022 vart det utarbeidd aluminiumsskilt med informasjon om fiske og kortsal i Skjåk, og om lag 20 skilt vart hengt opp på strategiske plassar. Vi fekk også i samarbeid med Haus utarbeidd «Reklamefisken». Dette er ein liten reklamesak som blir lagt ut hjå servicebedrifter med nøkkelinfo om fisking i Skjåk. I løpet av året har vi også bidrege med eit større antal småbanda garn til folk som ynskjer å drive utfisking. På Aursjoen vart vegen ned til vatnet utbetra for å gjere tilkomsten betre i den austre delen når vatnet er lite.




*(Utvikling i sal av kategoriar fiskekort til utanbygds 2010-2022.)*

**Småvilt**
Smårovviltjakt er kvart år i fokus og kampanjen vart gjennomført som året før, der det vart sett av ein premieringspott på kr. 10.000. Den som fangstar raudrev blir også prioritert fyrst i tildeling av rådyrkort i Skjåk Almenning, samt at eitt jaktkort på rådyr blir trekt mellom deltakarane.

For jaktåret 2021/22, vart det betalt ut skotpremie for 113 raudrevar, mot 68 året før. Skotpremien på kr. 500 blir utbetalt av eit spleiselag mellom Skjåk Almenning, Skjåk Utmarksråd og Skjåk Beite- og Sankelag. I tillegg vart det rapportert om felling og fangst av 26 mår, 3 mink/røyskatt, 21 korp og 52 kråkefuglar. For mår er det 200 kr. i skotpremie.

Når det gjeld rypebestanden hadde vi verkeleg håpa og rekna med ein oppsving i 2022. Tilhøva under klekkinga var i utgangspunktet fine, og takseringa vart utført av lokale fuglehundekvipasjar i august. Sju område i Skjåk Almenning og 32 km med linjer vart taksert. Resultatet viste ein symbolsk betre årsproduksjon enn året før, men svært lite stamfugl: gjennomsnittleg 2,3 fuglar pr. km og 1,9 kyllingar pr. par. Resultatet vart så dårleg at takseringsgruppa undersøkte feilmargin godt ved å gå med fleire hundar og på ulike tidspunkt. Årsakene til svikten blir langt på veg spekulasjon. Predasjon er sjølvsagt den mest tenkjelege. Inntrykket vårt var at det var greitt med smågnagarar fyrst på året, men at det vart ein kollaps utover våren og sommaren. Ei hypotese blir da at predatorane i større grad livnærte seg av rype. Med bakgrunn i det dårlege resultatet vedtok styret å frede rypa for jakt i 2022/2023. Meldingane vi fekk frå jegerane etter vedtaket var einsarta positive.

**Opplæring og rekrutteringstiltak for jakt og fiske**
Skjåk Almenning var med å finansierte jegerprøvekurset også i 2022. Dette bidraget er med på å gjere kurset gratis (med unntak av avgift for skyting) for deltakarar under 20 år. Skjåk Almenning var også bidragsytar til Camp Ut som er eit aktivitetstilbod for born og unge i regi av Fjelleventyret. Almenninga sitt bidrag var i form av mannskap og utstyr til fisking.

I løpet av året har vi ved fleire høve vore involverte med opplegg i skulen. Vi var blant anna delaktige i Lektor 2 - eit opplegg som omhandlar realfag i yrkessamanheng. Elevane har gjort eit djupdykk i slaktevekter for felt elg dei siste 15 åra, vore med på beiteskadetaksering og gjort tiltak for å fornye viktig vinterbeite. 10.klasse var også med på prøvefisking i Heggebottvatnet i august. «Skattekisteopplegget» for born og unge vart organisert med tre ulike skattekister fylt med friluftsutstyr og vart lagt ut ved aktuelle fiskeplassar. Hint og bilete vart publisert på facebook for å gjeve utgangspunkt for leitinga. Målet med opplegget er å få fleire ut i naturen, spesielt for å fiske.

Jaktkurset på villrein i samarbeid med NJFF vart gjennomført med 6 deltakarar. Dette vart svært vellykka med 3 fellingar og fine jaktsituasjonar. Vi opplev at dette kurset gjev almenninga mykje positiv merksemd og synlegheit. I tillegg til at det er eit fint tiltak for samarbeid mellom almenninga,



*Friluftsskulen med vellykka jaktdag!*

NJFF, SNO og Sota Sæter som bidreg med opplæring og overnatting. I oktober samarbeidde vi med DNT Gudbrandsdalen om å arrangere «Friluftsskulen» - frå skog til bord. Kort summert omhandla dette opplegget jakt på elg, hjort og rådyr i praksis for ungdom (5.-10.klasse). Omlag10 ungar melde seg på opplegget. Representantar frå almenninga tok seg av det praktiske med sjølve organiseringa, gjennomføring og etterarbeid attpå jakta. Opplegget vart veldig vellykka med nærkontakt med mykje vilt og felling av ein mindre elgokse. Noko av slaktet vart brukt til matlaging i sjølve opplegget, og resterande vart gjeve bort som gåve til Skjåkheimen.

**Hytter/feste**
I Billingen hyttegrend er det bygsla burt 1 tomt i 2022, medan det i hyttefeltet ved Liavatnet ikkje er bygsla burt nokon. Nedgangen i utleigedøgn frå 2021 til 2022 er markant. I 2022 vart det opna opp for at nordmenn kunne reise utanlands etter koronaen, noko som kan vera ein medverkande årsak. Fleire turistverksemder melde også om mindre aktivitet i 2022 enn dei føregåande åra. Det bør også nemnast at det har vorte fleire utleigehytter på bookingsida til Inatur dei seinare åra, og såleis har tilbodet og konkurransen vorte større.



*(Utvikling utleigedøgn hytter/buer 2012-2022.)*

## 5. ØKONOMI

**Rekneskap**
Det samla driftsresultatet i 2022 kom på kr. 4.465.370, der årsresultat etter finans og skatt kom på kr. 5.274.054. Det er jamn, stabil drift i almenninga, og dei gode resultata er eit resultat av målretta arbeid over mange år. Det er framleis utmarksavdelinga som gjev det største positive bidraget, men gode prisar på tømmer gjer også sitt til at skogavdelinga gjev eit godt bidrag. Omsetninga av tømmer gjennom Glommen Mjøsen SA gjev også eit betydeleg tilleggsbidrag, der etterbetaling av tømmer levert i 2021 kom på kr. 35/$m^3$ inneverande rekneskapsår. Figuren nedanfor viser bidraget gjennom kontantutbyte, bruksrettsrabatt, kvantumsrabatt og andre tilskot til dei eigedoms- og bruksberettiga i Skjåk Almenning dei siste 10 åra. Ytingane frå Skjåk Almenning til landbruksnæringa i Skjåk endte i overkant av 2,7 MNOK i 2022.

Almenningsstyret meiner at framlagt årsrekneskap for 2022, saman med styret si årsmelding, gjev eit rettvisande bilete av årsresultatet og den finansielle stillinga til Skjåk Almenning ved utgangen av året.




*(Bruksrettsytingar og antal bruk med røysterett i Skjåk Almenning 2012-2022).*

**Industrielt eigarskap**

**Skjåk Trelast AS med Bygger'n Skjåk AS:**

Nok eit aktivt år og god omsetnad for Skjåk Trelast AS. Sagbruket har meir eller mindre greidd å oppretthalde omsetninga frå 2021, men ein del av dette skuldast sjølvsagt prisoppgang på salsvarer. Dei siste åra har det vore auke i volumet gjennom saglinene, ei auke som kjem av større etterspurnad og behov for meir råstoff frå eigen produksjon og lokal skog. Volumet i 2022 kom på 7.380 m³ med sag- og laftetømmer. Tilsvarande tal for 2021 var 6.721 m³, medan det i 2020 var 3.473 m³. Fyringsflis har same utviklinga, og har gått frå å vera eit «problem» for 10 år sidan til å bli ei solid salsvare. Salsvolumet i 2022 var 14.695 m³, mot 13.523 m³ året før, sjølv med mindre sal til dei to store varmeanlegga i Lom og Skjåk. Årsomsetnaden i 2022 kom på 20,5 MNOK, der årsresultatet vart kr. 630.176.

Omsetninga til Bygger`n Skjåk AS var i 2022 på 27,4 MNOK, medan årsresultatet kom på 2,3 MNOK.

**Skjåk Biovarme AS**

Varmesalet i 2022 var 3,05 GWh, mot 3,2 GWh i 2021. Mildare vær i 2022 bidrog til eit lågare varmesal, men pga. fleire større bygningsmasse med påkobla bygg, er det å forvente at varmesalet vil liggje rundt 3 GWh i åra framover. Selskapet har i 2022 arbeidd med å koble på Skjåkhallen og Skjåk kommunehus i samband med renovering av Skjåkhallen. Kommuneadministrasjonen og innleigde konsulentar rådde politikarane til å gå for fjernvarme. Fleirtalet i



*Utviding av anlegget til Skjåk Biovarme AS med start haust 2022*

formannskapet valde å sjå burt frå desse anbefalingane, tok heilomvending, og vedtok straum/grunnvarme som energiberar med 4 mot 1 stemme. Skjåk Biovarme AS stilte store spørsmålsteikn ved denne prioriteringa, der passiv energileveranse med straum/grunnvarme vart vald framfor styrking og vidareutvikling av lokalt næringsliv som sikrar lokale arbeidsplassar. For å sikre leveransekapasitet og stabilitet har selskapet i 2022 likevel starta opp utvidinga av anlegget med 1 fyrkjel og med eit påbygg på ca. 200 $m^2$. Dette gjev samstundes moglegheit for å setja inn fyrkjel nr. 5. Skjåk Biovarme AS brukte 5.600 $m^3$ med fyringsflis frå Skjåk Trelast AS i 2022, hadde ei omsetning på 2,5 MNOK i 2022 og fekk eit årsresultat på kr. 534.548

**Gudbrandsdalen Massivtre AS**
I 2022 har selskapet fokusert på å få i gang god flyt i produksjonen, bra kvalitet og finish på elementene. Selskapet fekk ilag med Brun Bygg AS kontrakta med å levere dagsturhytta i Innlandet, noko som har vore eit viktig moment i produksjonen i år. Det har vore levert massivtreplater til mange ulike prosjekt, både landbruksbygg, hus, hytter og garasjer. Frå hausten 2022 vart det meldt om lågare aktivitet i byggebransja, og for mange vart det stopp i ordretilgang og nye prosjekt. Rentesituasjon, høg inflasjon, auka kostnader og uro i Europa gjorde sitt til at mange var, og framleis er, usikre på framtida. Selskapet nådde ikkje målet sitt om 900 $m^3$ ferdige plater i 2022, men produserte ca. 730 $m^3$. Omsetninga endte på 8 MNOK, medan årsresultatet vart negativt med 3,06 MNOK.

**Måråe Kraftverk AS**
I løpet av 2022 er det gjort ein del anleggsverksemd i området. Den gamle røyrgata er renska og fjerna, samt at det gamle damanlegget også er fjerna. Arbeidet vart noko meir omfattande enn planlagt, mykje pga. av at gamle konstruksjonar ikkje kunne brukast vidare grunna dårleg kvalitet og tetting. Ved utgangen av 2022 er det støypt dam, ein del av inntakssystemet er ferdig, og arbeidet med kraftverksbygning er kome langt. Den vidare framdrifta er at resten blir ferdigstilt i løpet av vår/forsommar 2023, slik at anlegget kan prøvekøyrast f.o.m. juli 2023.



*Restar av den gamle inntaksdammen i Måråe*

Som ein del av sitt samfunnsansvar ynskjer Skjåk Almenning å vera med på utviklinga i lokalsamfunnet. Industriengasjementa til almenninga er krevjande. Engasjement og deltaking i lokal næringsutvikling medfører nødvendigvis ein viss risiko for Skjåk Almenning.

## 6. ANDRE OPPLYSNINGAR

**Arbeidsmiljø**
I medhald av gjeldande lover og forskrifter fører verksemda oversyn over totalt sjukefråvær. I 2022 var sjukefråværet på 0,45 % (0,79) av mogleg arbeidstid. Skjåk Almenning er medlem i Falck Helse.

Pr. 31.12.2022 er tre av åtte tilsette kvinner. I almenningsstyret er 2 av 7 medlemmar kvinner. Personalpolitikken vert rekna som kjønnsnøytral på alle område. Det er ikkje etablert ansvarsforsikring for styrets medlemmar eller dagleg leiar.

**Ytre miljø**

Skjåk Almenning er medlem av Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og Mjøsen Skogs PEFC gruppe-ordning, og følgjer Norsk PEFC Skogstandard. Nøkkelbiotopane blir overvåka av almenninga sjølv, samt at det blir gjennomført stikkprøvebaserte kontroller i regi av sertifikathaldar. Det ikkje avdekka skader eller andre utilsikta forstyrringar i verneområde eller nøkkelbiotopar i 2022. Almenninga har heller ikkje kjennskap til uhell eller avvik knytt til andre kjente miljøverdiar siste år.

Verksemda i almenninga fører ikkje med seg forureining av det ytre miljøet meir enn det som fylgjer av den vanlege skogsdrifta, med utslepp til luft frå skogsmaskiner og motorsager. Det vert nytta miljøbensin til motorsagene.

**Utvikling av administrasjonsbygg**
I 2022 vart bygget utvida med tre kontor i form av eit tilbygg på 35 $m^2$. Ved utgangen av året hadde almenninga slik sett 2 ledige kontor for utleige, og totalt er det 14 personar som tek del i kontorfelleskapet på administrasjonsbygget. Prosessen med eit større tilbygg har i hovudsak omhandla arbeid med kostnadsrekning, planløysing og fasade i samarbeid med Nordplan. I denne prosessen er det ikkje fatta noko endeleg vedtak, men det blir arbeidd vidare med utgreiing av behov og potensiale.

**Overtaking av sekretærfunksjonen for Reinheimen-Breheimen villreinutval**
Etter 30 år som sekretær i villreinutvalet vart Knut Granum takka av på årsmøtet i Stranda i april 2022. Etter ei intern utlysingrunde med tilhøyrande tildeling gjort av villreinutvalet, fekk Skjåk Almenning sekretærfunksjonen i 5 år f.o.m. 1. juli 2022.

**Ny drivar i Framruste**
Skjåk Almenning inngjekk i 2022 avtale med ny entreprenør for utleige av Framruste massetipp. Avtala gjeld for 5 år, men med moglegheit for forlenging.

**Uttak av naturstein i Kvitingslia**
I februar 2022 varsla Skjåk Almenning, i samarbeid med Norconsult, oppstartssak for reguleringsarbeidet. Norconsult utarbeidde eit førebels planforslag som vart kunngjort og sendt på offentleg høyring. I alt kom det inn merknader frå 11 ulike interesserte. Særleg tilkomst til området krev ein grundig prosess før ein går vidare i reguleringsarbeidet i 2023. Fylkeskommunen gjennomførte ei kartlegging av arkeologiske førekomstar for planområdet.

**Sotvegen**
Etter nesten to års ventetid vart det fyrste rettsmøte gjennomført med jordskifteretten i august 2022. Skjåk kommune har sagt frå seg alt ansvar med Dyringsbrue, og i saka skal jordskifteretten ta stilling til om dei kan handsame tvisten rundt dette. Det er generelt lite framdrift i saka pga. interne utfordringar med bemanning hjå jordskifteretten. Skjåk kommune har laga eit skisseprosjekt for ny bru som viser ein kostnad på om lag 4,5 MNOK eks. mva. Enn så lenge har styret i Sotvegen prøvd å drifte vegen best mogleg ut frå midlertidig bruksordning, og med dei ressursane ein har hatt frå bominntekter, tilskot frå Skjåk Almenning og DNT, samt restane av eingongsoverføringa frå Skjåk kommune. Det nye betalingsanlegget har fungert greitt, men med nokre utfordringar både for brukarar og vegselskap.

Sotvegen har eit stort etterslep i vedlikehald, og treng oppgradering for fleire millionar kroner. Dette ber vegen dessverre preg av, og medfører at ordinær drift av Sotvegen blir ekstra kostbar. I tillegg har ustabile vintrar med mykje vær skapt ytterlegare utfordringar. Vinter og vår 2022 var krevjande med mykje nedbør, tette stikkrenner og dårlege grøfter. For å sette vegen i brukbar stand, vart det brukt kr. 300 000,- på grøfting og grus i 2022. Vegen heldt seg deretter bra til langt utpå hausten. Dersom vegselskapet må ta heile kostnaden med både oppgradering av veg og ny godkjent Dyringsbru, vil vegselskapet stå overfor kostnadar på mellom 8-10 MNOK.

**Bruk av fond/utleige arbeidskraft**
I 2022 vart avkastning av fond brukt til ungskogpleie og tilskot til Skjåk Turløyper for sesongen 2022/2023 (sjå eigen tabell i notane). Skjåk Almenning har i 2022 leigd ut arbeidskraft til Statens

naturoppsyn, Skjåk Trelast AS, Byggern'n Skjåk AS, Norsk Almenningsforbund, Skjåk Biovarme AS, Gudbrandsdalen Massivtre AS, Sotvegen og andre med til saman 1.511 t. Året før var dette 1.258 t.

## 7. UTSIKTENE FRAMOVER

Styret meiner at Skjåk Almenning har ein solid eigenkapital og ei fornuftig drift, og bør såleis vera godt økonomisk rusta for å møte utfordringar framover. Det blir viktig å følgje tett opp om tilknytte selskap, samt vera ein aktiv bidragsytar for å utvikle desse vidare.

Det har vore stor aktivitet i alle selskap i 2022. Skjåk Almenning med sine underselskap har ekspandert og vorte ei meir samansett bedrift dei seinare åra. Reknar ein Skjåk Almenning, Skjåk Trelast AS, Skjåk Biovarme AS og Bygger'n Skjåk AS i hop, omsette desse selskapa for godt over 70 MNOK i 2022 og hadde over 30 tilsette. Med etablering av Måråe Kraftverk AS vil desse tala bli enda høgare, og almenninga har her investert strategisk i rein, fornybar energi. Den positive trenden for Skjåk Trelast AS ser ut til å halde fram, og det ser ut som dei greier å oppretthalde godt sal og større sagvolum. Salet av celluloseflis til fyring er også aukande, og bidreg såleis i positiv retning for sagbruket. Vidare kan ein med stort sal av fyringsflis også få større omsetnad av lokalt slip, og ein slepp difor å transportere/eksportere store mengder med slip. Sagvolumet er også sterkt, og heile 94 % av sagtømmeret frå Skjåk Almenning vart vidareforedla på eige sag i 2022. Dette er nok særskilt høgt pga. av at sagbruket har teke inn både smått og grovt tømmer i år, og det er å forvente at det minste tømmeret vil bli seld ut av regionen i tida framover. Likevel, og til samanlikning, var sagtømmervolumet som gjekk til Skjåk Trelast AS frå Skjåk Almenning berre 34 % for 10 år sidan (i 2013).

Koronapandemien «gjekk over» i 2022, landet opna opp for fullt, og forbodet mot utanlandsreiser vart avslutta. Dette verka nok godt inn på reisevanane til nordmenn, og det var mange som tok utanlandsferie i 2022 i staden for å bruke eige land. Dette hadde mest sannsynleg verknad for både fiskekortsal og hytteovernatting, men det er kanskje å forvente at 2022 er eit normalår slik sett. Ikkje før pandemien var avslutta, vart Ukraina råka av ein meiningslaus angrepskrig frå Russland i februar. Dette førte umiddelbart til stor uro i det geopolitiske biletet på verdsbasis, og energiprisane gjekk i taket. I tillegg gjorde høg inflasjon, auka renter og auka kostnader generelt til at mange var, og framleis er, usikre på framtida. Kva verknader dette kan få for Skjåk Almenning og dotterbedrifter på lengre sikt er usikkert, men for sal av eksempelvis massivtre og byggevarer kan dette verke negativt inn. Folk blir meir usikre i urolege tider, noko som kan verke inn på sal av ulike varer.

Ein anna faktor som påverkar drifta i almenninga er klima. Varmare og våtare vær påverkar det meste, både plante- og dyreliv, men også for etablert infrastruktur. Klimaet er ein faktor vi ikkje rår over, men ein lyt ta med dette i den langsiktige driftsplanlegginga framover.

I høve dei bruks-og eigedomsberettiga i Skjåk Almenning, er målsetjinga i strategiplanen at ytingane skal aukast til om lag 3 MNOK i 2023. Med dei endringane og nyetablerte tilskotsordningane som vart innført på slutten av året 2022 vil ein sannsynleg passere dette målet med god margin i 2023. Budsjettet for 2023 er lagt opp med eit lite underskot, nettopp pga. høgare ytingar til landbruket. Styret meiner at eigenkapitalen i Skjåk Almenning er såpass solid at ei slik disponering difor er økonomisk forsvarleg. Det er eit uttrykt ynskje å bidra i enda større mon til landbruket i Skjåk, da denne næringa slit med auka kostnadar, større arbeidspress og krav, samt liten utvikling på inntektssida.

Styret vil rette ein stor takk til dei tilsette, eigarar- og bruksberettiga, tillitsvalde og samarbeidspartnarar gjennom året som har gått.

Bismo, ~~31. desember 2022~~
28. mars 2023

**I styret for Skjåk Almenning**

Kjell Egil Ramstad
(Styreleiar)

Kjell Aaboen

Bjørnar K. Stenersen

Mona Haugen Grimstad
(Nestleiar)

Ragnhild Løkken

Arnstein Fjerdingren

Vidar Vange

Jo Trygve Lyngved
(Almenningsstyrar)

# RESULTATREGNSKAP

## SKJÅK ALMENNING

| DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| Salgsinntekt | 1 | 19 501 812 | 20 531 074 |
| Annen driftsinntekt | | 537 908 | 784 045 |
| Brukt skogavgift vedr drift | 2 | 1 323 960 | 860 124 |
| **Sum driftsinntekter** | | **21 363 681** | **22 175 244** |
| | | | |
| Varekostnad | 1 | 5 923 585 | 7 102 257 |
| Lønnskostnad | 1, 3 | 4 455 673 | 4 173 863 |
| Avskrivninger | 1, 4 | 774 413 | 587 003 |
| Brukt skogavgift vedr drift | 2 | 974 200 | 657 000 |
| Annen driftskostnad | 1 | 4 770 439 | 4 248 270 |
| **Sum driftskostnader** | | **16 898 310** | **16 768 392** |
| | | | |
| **Driftsresultat** | | **4 465 370** | **5 406 852** |
| | | | |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| Renteinntekt fra foretak i samme konsern | 5 | 152 054 | 108 310 |
| Annen renteinntekt | | 727 076 | 694 767 |
| Annen finansinntekt | | 341 757 | 280 321 |
| Annen finanskostnad | | 19 352 | 17 674 |
